

Kulturplan 2019-2027

Vedtatt av Time kommunestyre 19.02.2019.



Forord

Dette er Time kommune sin plan for styrking av kulturlivet og utvikling av dei kommunale kulturtenestene i perioden 2019-2027. Planen er eit overordna styringsdokument – det beskriv status, mål og prioriteringar. Planen skal inspirera, motivera og gje retning for arbeidet med kulturtenestene, kulturprosjekt og enkeltsaker dei komande åra. Mange av måla og prioriteringane må i planperioden konkretiserast og avklarast nærmare gjennom utgreiingar og i politiske enkeltsaker. Gjennomføring av prioriterte tiltak vil avklarast i dei årlege budsjettprosessane (arbeidet med økonomiplanen).

Ei rekke representantar for kulturlivet i kommunen har deltatt i arbeidet med planen. Det er gjennomført fem dialogmøte. Innspel frå møta vert referert i plandokumentet.

I tillegg har kommunen engasjert Telemarksforsking til å utarbeida rapporten *Norsk kulturindeks 2017 – resultater for Time kommune*. Rapporten inneheld eit omfattande statistisk materiale, sjå nærmare omtale i kapittel 2. Resultat frå rapporten vert presentert utover i plandokumentet.

Rapporten og innspela frå dialogmøta vart oppsummert i Levekår-sak 026/18, behandla 18.04.2018.

Plandokumentet inneheld eit innleiande kapittel 1, som beskriv rammene for den lokale kulturpolitikken. Kapittel 2 beskriv status for kulturlivet og kulturtilbodet i Time, medan kapittel 3 trekker opp dei overordna måla for kulturpolitikken i Time dei komande åra. Deretter følgjer kapittel 4-9, med mål og prioriteringar for musikk; teater, revy og dans; litteratur, folkeopplysning og debatt; visuell kunst og film; kulturminne; kultur- og fritidstilbod for barn og unge samt andre målgrupper. I desse kapitla er det referert til kulturindeksrapporten, innspel frå dialogmøta og Time kommune sitt register over lag og organisasjonar. Til slutt, i kapittel 10, vert det peika ut tre satsingsområde for perioden 2019-2027.

Planen vart samrøystes vedtatt av Time kommunestyre 19.02.2019, K-sak 003/19.

Takk til det lokale kulturlivet for engasjement og deltaking! Saman skal me løfta kulturkommunen Time til nye nivå.

Trygve Apeland
rådmann

Trond Lie
kultursjef

Foto forside: Frå «Haugtussa – ei vandring i Veslemøy sitt rike», september 2011. Elin Wetås de Jara, Time kommune

Innhold

Forord	1
1. Innleiing	3
2. Kulturlivet og kulturtilbodet i Time – status	5
3. Kulturkommunen Time – overordna mål	10
4. Musikk	12
5. Teater, revy og dans	14
6. Litteratur, folkeopplysning og debatt	16
7. Visuell kunst og film	17
8. Kulturminne	19
9. Kultur- og fritidstilbod for barn og unge samt andre målgrupper	21
10. Tre satsingsområde mot 2027	23



Jærnåttå 2018, Bryne torg, med Dagny. Foto: Tore Aasland, Jærnåttå

1. Innleiing

Kva slags kulturtildob skal Time kommune leggja til rette for dei komande åra? Kor står kultur-kommunen Time per 2019, regionalt og nasjonalt? Kva ambisjonsnivå skal kommunen ha for kulturpolitikken, kva rolle og posisjon ønskjer Time å ta regionalt innanfor kulturområdet, og kva skal vera satsingsområde framover? Det er desse spørsmåla dette plandokumentet skal gje svar på.

Rammer for den lokale kulturpolitikken

Kulturplan 2019-2027 – Time kommune byggjer på dei overordna kommunale planane *Kommuneplan for Time 2015-2027 – samfunnsdel* og *Kommunedelplan for Bryne sentrum 2015-2026*. I kommuneplanen heiter det at kultur er viktig for å skapa trivsel, fellesskap og kjensle av å høyra til, at det er viktig å ta vare på aktive og engasjerte innbyggjarar som er med og utviklar nye aktivitetar og kulturytringar, og at kulturtildobet i stadig større grad er avgjerande for kor næringslivet ønskjer å etablera seg og kor folk ønskjer å bu. Kommunedelplanen for Bryne sentrum legg vekt på at eit rikt og godt kulturtildob er viktig for å sikra «byen sin døgnrytme», slik at sentrum vert opplevd som eit attraktivt og aktivt knutepunkt frå morgen til kveld heile året.

Regional kulturplan for Rogaland 2015-2025 gir signal og legg føringar for fylkeskommunen si satsing innanfor kultursektoren i Rogaland. Tilsvarande gir statlege meldingar og strategiar på kulturområdet signal og legg føringar som den lokale kulturpolitikken må ta omsyn til.

Lovmessig skal kommunane etter kulturlova (lov om offentlege styresmakters ansvar for kulturverksem) «syta for økonomiske, organisatoriske, informerande og andre relevante verkemiddel og tiltak som fremjar og legg til rette for eit breitt spekter av kulturverksem regionalt og lokalt». Korleis dette skal gjerast, og i kva omfang, seier likevel lova ikkje noko om. Vidare pålegg lov om folkebibliotek alle kommunar å ha eit folkebibliotek og lov om grunnskulen og vidaregåande opplæring alle kommunar å ha eit kulturskuletilbod, lov om film og videogram gir kommunestyret myndighet til å fastsetja reglar for framsyning og omsetning av film og videogram i næring i kommunen, lov om kulturminne inneheld reglar om automatisk freda kulturminne og retningslinjer for kulturvernarbeidet, og alle planar utarbeidd etter plan- og bygnigsloven skal setja mål for «den fysiske, miljømessige, økonomiske, sosiale og *kulturelle* utviklingen i kommuner og regioner.»

Overordna strategidokument

Kulturplanen er ein temaplan og eit overordna strategidokument for heile kultur- og fritidssektoren i Time. Delar av sektoren er meir inngåande behandla i andre dokument. Det gjeld:


- Idretten og friluftsrelaterte tema, jf. *Kommunedelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2016-2026*
- Kulturminnevernet, jf. *Kulturminneplan Time kommune 2008-2019*. Etter kommunen sin planstrategi skal revideringa av denne starta i 2019
- Kulturskuletilbodet, jf. årleg utviklingsplan for Time kulturskule, som byggjer på den nasjonale *Rammeplan for kulturskolen*

Arbeidet med Time kommune sin nye kulturplan har også omfatta utvikling av ein strategi for samhandling mellom frivillig sektor og kommunen. Sidan denne strategien skal omfatta alle kommunale sektorar, vert kartlegging, vurdering og tiltak for styrka samhandling med frivillig sektor lagt fram i eit eige plandokument i løpet av 1. halvår 2019.

Frå strategi til handling

Mål og strategiar i dette plandokumentet vert årleg følgt opp i arbeidet med Timeplanen, Time kommune sin økonomiplan, med mål, tiltak og økonomiske ressursar for dei komande fire åra (årleg rullering).

Vidare vil kulturplanen leggja føringar og gje retning for arbeidet med tenester, prosjekt og enkelt-saker innanfor heile kultursektoren.



© Nanco Hoogstad

Kaizersplassen og Bryne Mølle. Plassen vart opna i mars 2018. Foto: Nanco Hoogstad

2. Kulturlivet og kulturtilbodet i Time – status

Time kommune har eit rikt og mangfaldig kulturliv prega av ei rekke frivillige lag og organisasjoner i samspel med kommunen som både tilretteleggjar og tilbydar. Time ligg forholdsvis høgt på *Norsk kulturindeks*; klart høgare enn dei andre kommunane i Jærrådet. Men Time har falt på denne nasjonale rangeringa, frå ein 68. plass i 2012 til 128. plass i 2016.

Fugleperspektivet, eit overblikk

Kommune- og regionsenteret Bryne, «byen på Jæren», inneheld eit variert og mangfaldig kultur- og fritidstilbod. Straks ein tar av frå fylkesveg 44 i vest møter ein gamle Bryne Mølle, med visingsstader for kunst, konsert- og forsamlingslokale, samt ungdomskulturhuset Møllekjellaren. Vidare langs Arne Garborgs veg er Mølledammen med Fritz Røed skulpturpark nyleg oppgradert, og på torget er Bryne kino på plass i nytt kinosenter med fire moderne kinosalar. Kring dette veks det nå fram eit mangfald av utelivsverksemder. Vidare austover ligg Time bibliotek samlokalisert med Garborgsenteret i forholdsvis nye og moderne lokale, og med Bryne vidaregåande skule, med 1650 elevar og 300 tilsette, som nabo. Bare eit steinkast frå dette finn ein det regionale kulturhuset Storstova, som nå skal finna si form utan kinoen. Frå kulturhuset kan ein gå, jogga eller sykla innover i det flotte friluftsområdet Sandtangen. Ønskjer ein meir fysisk aktivitet og idrett, kan ein ta turen til Bryne stadion eller Timehallen, som snart får ny symjehall som nabo.



Ungdomskulturhuset Møllekjellaren og Bryne Mølle. Gatekunst av Pøbel (t.v.) og Claudio Ethos. Foto: Nanco Hoogstad

Opp i lufta, ut av byen ser me bygdesamfunna Kvernaland, Lye, Undheim og Hognestad, alle prega av aktive lag og organisasjoner og med godt tilrettelagde idrettsanlegg og -hallar. Time kommune sitt register over lag og organisasjoner tel 134, og trekkjer me frå humanitære, politiske og religiøse

organisasjonar, står me att med 84 frivillige kultur-, fritids- og idrettsorganisasjonar.¹ Desse utgjer grunnfjellet i «kvardagskulturen» i Time. Statistisk sentralbyrå (SSB) har rekna ut at den frivillige delen av kultur- og fritidssektoren nasjonalt skapte verdiar for 52,6 milliardar kroner i 2015. «Området med desidert mest dugnadsinnsats er kultur og fritid inkl. idrett. Dette området står for nær halvparten av de frivillige årsverkene totalt», ifølgje SSB.²

Kulturkommunen Time målt mot andre kommunar i regionen og nasjonalt sett

Det er mykje å gle seg over i kulturkommunen Time, men kor står me eigentleg samanlikna med andre kommunar i regionen og nasjonalt sett?

Time kom i 2016 på 128. plass blant landets 426 kommunar i den årlege rangeringa *Norsk kulturindeks*. Telemarksforsking har sidan 2011 årleg utarbeidd denne indeksen, der siktet målet er å teikna eit bilet av kulturtilbodet og kulturaktiviteten i norske kommunar. Indeksen omfattar eit utval offentleg statistikk innanfor kultursektoren, i stor grad KOSTRA-tal, samt innhenta statistikk frå ei rekke landsomfattande kulturorganisasjonar. Med dette som utgangspunkt vert kommunane rangert.³

Time kommune har fått utarbeidd ein eigen kommunerapport for 2017 (med tal for 2016 og tidlegare), der kulturtilbodet og kulturaktiviteten i Time er samanlikna med tilsvarande i dei andre kommunane i Jærrådet, – Hå, Klepp, Gjesdal og Sandnes – pluss Fjell i Hordaland og Ås i Akershus. Dei to siste er tatt med etter innspel frå Telemarksforsking basert på strukturelle likskapar med Time. Det gjeld f.eks. folketal og utgifter til kultur.⁴

Som det går fram av tabell 1 under, var Time ikkje bare den beste av jærkommunane i 2016, men kom også betre ut enn Fjell og Ås.

Tabell 1. Time kommune si rangering i Norsk kulturindeks 2017 samanlikna med dei andre kommunane i Jærrådet samt Fjell og Ås. Rangeringa er basert på rekneskapstal m.m. for 2016. Talet på kommunar totalt er 426

Kommune	Kunstnere	Kultur-arbeidere	Museum	Konserter	Kino	Bibliotek	Scene-kunst	Kultur-skole	DKS	Tildeling-er	Frivillig-het	Norsk Kultur-indeks
Time	144	203	160	41	81	72	214	264	393	344	164	128
Ås	41	138	266	218	207	34	214	129	424	188	240	135
Sandnes	251	181	68	158	42	236	110	258	394	240	355	178
Hå	347	191	38	223	307	112	214	297	364	352	382	308
Fjell	304	207	133	382	7	241	214	412	369	286	367	322
Gjesdal	332	323	228	209	303	157	214	308	382	353	395	392
Klepp	350	404	315	214	307	211	214	367	408	331	368	418

¹ <https://www.time.kommune.no/tenester-i-time/kultur-og-fritid/>

² «Satelittregnskap for ideelle og frivillige organisasjoner, 2015.» SSB 2017

³ <http://kulturindeksen.no>

⁴ http://www.telemarksforsking.no/publikasjoner/detalj.asp?r_ID=3174

Time har likevel falt på kulturindeksen, frå ein 68. plass i 2012 til 128. plass i 2016:

Tabell 2. Time kommune si rangering i Norsk kulturindeks 2012-2016. Kategoriar markert med grønt har i 2016 betre resultat enn totalen (128), kategoriar markert med raudt ligg klart under


Kommune	Kunstnere	Kultur-arbeidere	Museum	Konserter	Kino	Bibliotek	Scenekunst	Kulturskole	DKS	Tildeling-er	Frivillighet	Norsk Kulturindeks
2012	92	201	85	98	71	43	254	255	293	89	230	68
2013	142	214	90	87	82	42	255	260	347	149	173	80
2014	130	151	94	92	79	100	253	237	393	108	180	81
2015	135	128	145	106	84	112	269	246	370	223	210	115
2016	144	203	160	41	81	72	214	264	393	344	164	128

«Kommunen har sunket på den totale rangering, samt på de fleste områdene de siste årene», skriv Telemarksforsking i si oppsummering. Likevel: «Når vi legger de strukturelle kjennetegnene til Time til grunn, finner vi at kommunen på flere områder har et kulturnivå i tråd med, eller bedre enn man kan forvente.» Dette vert forklart med kommunen si geografiske plassering i utkanten av storbyregionen Stavanger/Sandnes, som har eit omfattande kulturtilbod, samt det faktum at Time har lågare utgifter til kultur enn landsgjennomsnittet og gjennomsnittskommunen. «Det er grunn til å hevde at det dalende kulturnivået i flere kategorier i kulturindeksen er et resultat av dette.»

Kommunal ressursbruk

Time kommune hadde i 2017 netto driftsutgifter til kultur- og idrettsformål på 37,2 millionar kroner, tilsvarende 1992 kroner per innbyggjar. Av kommunane i Jærrådet var det Sandnes som hadde dei høgaste utiftene, med 2305 kroner per innbyggjar, medan Klepp brukte minst, med 1862 kroner per innbyggjar.


Figur 1. Netto driftsutgifter til kultur og idrett per innbyggjar 2008-2017 i Time og dei andre kommunane i Jærrådet, i kroner. Kjelde: KOSTRA, SSB



For ti år sidan, i 2008, brukte Time 1704 kroner per innbyggjar. Skulle løyvinga til kultur og idrett ha halde tritt med prisutviklinga, burde summen i 2017 ha vore 2043 kroner, ikkje 1992.


Ser ein på fordelinga av kommunen sitt driftsbudsjett, ser ein at den delen som går til kultur og idrett dei siste åra har vore mindre enn for ti år sidan – 3,7 prosent i 2017 mot 5,5 prosent i 2008. Med eit driftsbudsjett i 2017 på over 1 milliard kroner, utgjer denne reduksjonen eit betydeleg beløp.

Figur 2. Netto driftsutgifter til kultur og idrett i Time 2008-2017 som del av samla netto driftsutgifter. Kjelde: KOSTRA, SSB



Kva går så pengane til? I figur 3 under er pengane fordelt på dei ulike aktivitetane eller formåla som til saman utgjer «kultur og idrett» i statistikken.

Figur 3. Prosentvis fordeling av netto driftsutgifter til kultur og idrett i Time i 2017 på formål. Kjelde: KOSTRA, SSB



I underkant av 15 prosent av midla i 2017 er rekneskapsført som aktivitetstilbod for barn og unge. Det samla bidraget til kultur- og fritidsaktivitetar for barn og unge er likevel langt større: Midlar til drift av kulturskulen utgjode 17,5 prosent, og så vel bibliotek med 18,3 prosent som idrett med 24,5 prosent representerer i betydeleg grad aktivitetar for barn og unge. Idrett inkluderer her også drift av kommunale idrettsbygg og idrettsanlegg. Også kino er eit populært tilbod for barn og unge. Når netto driftsutgifter til dette formålet bare var på 0,1 prosent, skuldast det at kinoen gjekk godt og omtrent tente inn att kostnadene.

Den kulturelle grunnmuren og kulturelle fyrtårn – status

Time er som nemnt kjenneteikna av eit rikt kvardagskulturliv. *Den kulturelle grunnmuren* – biblioteket, kulturskulen, fritidsklubbane, kor, korps og resten av det frivillige kultur- og fritidstilbodet – står støtt.⁵ Fleire har likevel for dårlege øvingslokale, og mange saknar eit betre tilrettelagt kulturhus.

Kulturelle fyrtårn, i tydinga institusjonar, verksemder, kunstnarar og artistar som kastar lys langt utover kommunegrensa, som vert lagt merke til og anerkjent nasjonalt, er det mindre av.⁶ Arne Garborg sitt livsverk og forfattarskap lever vidare og vert i dag forvalta av Garborgsenteret (del av Jærmuseet), som også driftar Garborgheimen og Knudaheio etter avtale med Time kommune. Dei årlege Garborgdagar i januar tar opp aktuelle samfunnsspørsmål og forfattarskap som kan relaterast til Garborg sitt liv og virke.

Fritz Røed skulpturpark i Bryne sentrum og Andreas Bøe-galleriet i Bryne Mølle har begge kvalitetar og potensial til å kunne verta lagt meir merke med og besøkt av eit større publikum.

Utover dette bur og arbeider det enkelte utøvarar i Time som lyser opp og er fagleg anerkjent nasjonalt innanfor sine område: Kunsthåndverkaren Jens Erland, forfattaren Einar O. Risa, popsongaren Hilde Selvikvåg og rockebandet Skambankt er nokre eksempel i så måte.



Jens Erland. Foto: Anders Minge, Stavanger Aftenblad

⁵ Omgrepene den kulturnelle grunnmuren vart nytta i *Kulturutredningen 2014*, NOU 2013:4, der Enger-utvalet foreslo eit lokalt kulturløft for å styrkja kvardagskulturlivet.

⁶ Fyrtårn innanfor idretten kjem i tillegg, jf. avgrensinga gjort i kapittel 1.

3. Kulturkommunen Time – overordna mål

Kultur- og fritidstilbodet i Time kommune skal dei komande åra styrkast for å gje innbyggjarar og tilreisande gode opplevingar og rike moglegheiter til deltaking. Dette skal styrkja Time og kommune- og regionsenteret Bryne sin posisjon regionalt, noko som er viktig for framtidig nærings- og byutvikling. Time kommune skal vera ein tydeleg og aktiv tilretteleggjar, samarbeids-partnar og tilbydar innanfor kultur- og fritidssektoren.

Ytring, deltaking og oppleving

Den offentlege kulturpolitikken har tre siktemål:

- *Brei deltaking* i kultur- og fritidsaktivitetar. Det inneber at ein både må ha aktivitetar som rettar seg mot det breie lag og aktivitetar som er lagt spesielt til rette for grupper med særskilde behov.
- *Gode opplevingar* i form av konserter, utstillingar av visuell kunst, litteraturarrangement, museumsbesøk osb. Den gode opplevinga kan ein få ved å sjå korleis eksempelvis barn og unge meistrar å stå på ein scene og framføra musikk eller drama. Like viktig er dei profesjonelle kunst- og kulturuttrykka som gir dei unge talenta noko å strekkja seg etter, og oss alle noko å bryna seg på og vera beigeistra over. Kvalitativt gode kunst- og kulturopplevingar kan inspirera og utfordra kreativiteten, styrkja fellesskapen og verka dannande.
- *Ytringsfridom*. Gode moglegheiter til deltaking i kultur- og fritidsaktivitetar og eit rikt tilbod av konserter, utstillingar, debattar m.m. er grunnleggjande for å sikra innbyggjarane arenaer og anledningar til å uttrykkja seg og til å bryna seg på andre sine uttrykk og ytringar.

Ambisjon og posisjon

Kultur- og fritidstilbodet i Time kommune skal dei komande åra forbetraast for å gje innbyggjarar og tilreisande endå betre opplevingar og rike moglegheiter til deltaking. Det inneber tilrettelegging av arenaer og annan infrastruktur, gode tilskotsordningar osb. Dette vert konkretisert i dei følgjande kapitla (4-9) som tar føre seg dei ulike delane av kulturlivet (musikk, teater, litteratur osb.).

Ambisjonen er også å løfta arven etter Arne Garborg vidare, og utvikla prosjektet «Haugtussa-veka», der målet er nasjonal merksemeld og deltaking. Her har Time og Jæren ikkje bare ei forplikting, men eit uforløyst potensial kulturelt og næringsmessig. Saman med prosjektet «Kulturstiar i Time», der ideen er å kombinera turar i den jærske naturen med utplasserte kunstverk av høg kvalitet, skal desse to satsingane vera Time sine kulturelle fyrtårnprosjekt dei komande åra. Dette vert konkretisert i kapittel 10.

Samla sett skal denne satsinga styrkja Time og kommune- og regionsenteret Bryne sin posisjon regionalt, noko som er viktig for framtidig nærings- og byutvikling. Time har alt lenge husa det regionale kulturhuset for Jæren, Storstova, og er den einaste av jærkommunane med eigen kino. Nye Bryne kino er ei offensiv satsing som stadfestar Time kommune sin ambisjon om å vera det kulturelle tyngdepunktet på Jæren.

Tilretteleggjar, samarbeidspartner og tilbydar

Time kommune har tre roller i den lokale kulturpolitikken:

- *Tilretteleggjar* av arenaer (bygg og uterom), tilskotsordningar m.m.
- *Samarbeidspartner* for frivillige lag og organisasjonar, profesjonelle kunst- og kulturaktørar, næringslivet og nabokommunane.
- *Tilbydar* av bibliotek, kulturhus, kino, kulturskule, fritidsklubbar, museum og kunst (i offentlege rom og i form av utstillingar).

Time kommune skal vera ein offensiv, tydeleg og aktiv kulturkommune, der innbyggjarane er trygge i eigen kultur og har respekt for andre kulturar. Mange av innbyggjarane kjem frå andre land og andre kulturar. Kulturpolitikken skal sikra gode møte mellom ulike kulturar.

Spleislag

For å realisera ambisjonen og dei overordna måla skissert ovanfor, samt mål og satsingar slik dei vert beskrive i dei følgjande kapitla, er ein avhengig av betydelege økonomiske ressursar dei komande åra. Her må Time kommune gå føre som vertskommune og i mange tilfelle eigar og drivar av tiltak, men mange av måla og satsingane vil bare la seg realisera om ein får til spleislag med statlege instansar, fylkeskommunen, nabokommunane og lokalt næringsliv. Rapporten *Norsk kulturindeks 2017 – resultater for Time kommune*, som det er vist til i kapittel 2, dokumenterer at Time i alle fall dei seinare åra i liten grad har fått del i sentrale tilskotsmidlar. Det er eit mål å skaffa meir økonomiske midlar frå statlege ordningar og fylkeskommunen, samt auka bidrag frå private stiftingar og næringslivsaktørar.



Ane Mari Braut Nese (Klepp), Reinert Kverneland (Time) og Jonas Skrettingland (Hå) opna nye Bryne kino 4. oktober 2018.
Foto: Nils-Ove Støbakk, Jærbladet



4. Musikk

Time kommune vil dei komande åra leggja forholda endå betre til rette for musikklivet ved å tilby fleire og betre øvingslokale, betre lokale for konserter og meir gunstige tilskotsordningar. I sum skal dette gjera det meir attraktivt å delta i kor, korps, festivalar m.m., samt kunne gje innbyggjarane fleire og betre konsertopplevelingar.

Musikklivet i Time er omfattande og mangfaldig, og tel om lag 20 organisasjonar – korps, kor, symfoniorkester, festivalar m.m. Time kulturskule sitt rikhaldige tilbod innanfor musikk kjem i tillegg. Korpsa hadde i 2016 totalt 174 medlemmer, tilsvarende 9,3 per tusen innbyggjarar, som var 20 prosent under landsgjennomsnittet. Korpsa hadde ein nedgang i medlemmer på 19 prosent i åra 2012-2016. Talet på kormedlemmer var over det dobbelte, 363, tilsvarende 19 per tusen innbyggjarar. Dette var likevel 17 prosent under landsgjennomsnittet. Talet på kormedlemmer auka i perioden 2012-2016.

Time har fleire musikkfestivalar, som Jærnåttå og Ranglerock, og mange konsertarrangørar. Dei store billettselskapene registrerte 96 konserter i kommunen i 2016, tilsvarende 5,1 per tusen innbyggjarar, som var 68 prosent over landsgjennomsnittet. I tillegg kjem konserter med billettsal utanom billettelskapene eller som var gratis. Det var registrert ei samla omsetning for konseriane på 3,1 millionar kroner, tilsvarende 171 kroner per innbyggjar, som var 44 prosent under landsgjennomsnittet. Konsertane i Time var altså mange, men i snitt relativt små, i alle fall i økonomisk forstand.



Representantar for musikklivet har i planprosessen teikna eit positivt bilet av musikkmiljøet på Bryne og i Time. Miljøet er prega av optimisme og godt samarbeid, og mange meiner kommunen gjer ein god jobb som tilretteleggjar. Likevel etterlyser fleire betre øvingslokale, inkludert lagerplass. Mange er opptatt av betre lokale for så vel mindre som større konserter og etterlyser i denne samanhengen fortgang i ombygginga/utbygginga av det regionale kulturhuset Storstova etter at kinoen nå har flytta ut. Fleire etterlyser også betre tilskotsordningar – for unge talent, til band og artistar i ein etableringsfase og til formidling av smalare musikkuttrykk.

Slik vil me gjera det

- Nye Storstova – byggja om og ut det regionale kulturhuset, eller byggja nytt, med sikte på å kunne tilby fasilitetar for så vel mindre som større konserter, øvingar og preproduksjonar.
- Kulturskulen – flytta skulen til større og betre tilrettelagde lokale.
- Øvingslokale – leggja betre til rette for bruk av nye og eldre skulebygg og andre kommunale lokale. Dette omfattar akustiske tiltak, lagerkapasitet, bruk av aulaer m.m.

- Tilskotsordningar – prioritera talent samt musikarar og musikkorganisasjonar i etableringsfasen.



Jæren Symfoniorkester. Foto: www.jaso.no



5. Teater, revy og dans

Forholda for scenekunstmiljøet vil dei komande åra verta lagt betre til rette. Det skal verta billigare og meir attraktivt å nytta Storstova til øving, preproduksjon og førestillingar. «Haugtussa-veka» skal utviklast som fyrtårnprosjekt.

Scenekunstmiljøet i Time tel 5-6 organisasjonar, men gir mange titals barn og unge så vel som vaksne moglegheit til deltaking innanfor teater, revy og dans. I tillegg kjem kulturskulen sitt tilbod innanfor drama/teater og dans/ballett. Dei to teatergruppene Unge Spor og Fantefølge er svært aktive og tilbyr større teaterførestillingar og musikalar så vel som mindre dramatiseringar. Dei deltar gjerne med innslag under festivalar, arrangement i regi av handelsstanden m.m., og balanserer på den måten det kunstnariske og det kommersielle.



«Tinsel Town», Unge Spor, 2018. Foto: Andres Minge, Stavanger Aftenblad

Det var i 2016 ingen registrerte teater-, opera- eller danseførestillingar i Time i regi av profesjonelle ensemble som rapporterer til Norsk teater- og orkesterforening. Regionalt har likevel innbyggjarane i Time lett tilgang til eit rikt tilbod av profesjonelle scenekunstproduksjonar: Riksteatret har Sandnes kulturhus som fast spelestad, og dette kulturhuset er også base for RAS, Regional Arena for Samtidsdans. Rogaland Teater i Stavanger er eit av landets beste regionteater. I tillegg tilbyr både Stavanger konserthus og Tou Scene scenekunstførestillingar av høg kvalitet.

Time kommune har fleire gongar, sist i 2011, sett opp førestillinga «Haugtussa – ei vandring i Veslemøy sitt rike» utandørs i området ved Knudhaeio. Førestillinga har vist tablå inspirert av «Haugtussa», der songarar, dansarar og skodespelarar, samt publikum, har flytta seg rundt i landskapet.

Dette har vore eit samarbeid mellom kommunen, profesjonelle frilansarar, studentar, elevar i kulturskulen og ei lang rekke frivillige. Sjølv om førestillinga er tatt godt imot av publikum, har det vist seg å vera for ressurskrevjande å arbeida dette fram frå gong til gong basert på kommunale ressursar.

Representantar for scenekunstmiljøet har i planprosessen gitt uttrykk for ønske om å bruka Storstova meir. Slik dei ser det, må då leiga ned og det må vera mogleg å disponera salen over lengre tid til øving/preproduksjon og framsynningar. Ein mindre tilleggssal (multisal) vil kunne gje kulturhuset fleire bein å stå på, og miljøet nye moglegheiter til veksling mellom liten og stor sal til ulike typar produksjonar. I tillegg etterlyser miljøet lokale til lagring av utstyr og kulisser/større sceneelement. Betre tilskotsordningar for scenekunstproduksjonar vert også etterlyst. Det er også fleire, både innanfor scenekunstmiljøet og det litterære miljøet, som etterlyser vilje til å ta opp att Haugtussaførestillinga.

Slik vil me gjera det

- Nye Storstova – byggja om og ut det regionale kulturhuset, eller byggja nytt, med sikte på å kunne tilby fasilitetar for så vel mindre som større teater-, revy- og danseførestillingar, øvingar og preproduksjonar.
- Tilskotsordningar – foreslå endringar av dagens reglement, og i den samanhengen vurdera tilskot til scenekunstproduksjonar og leige av lokale til større kulisser. Prioritera støtte til kunstnarar, musikarar og forfattarar i etableringsfasen.
- «Haugtussa-veka» skal vera eitt av Time kommune sine kulturelle fyrtårnprosjekt, med Veslemøy-vandringa som høgdepunkt, sjå kapittel 10.



6. Litteratur, folkeopplysning og debatt

Litteraturfestivalen Garborgdagar skal dei komande åra utviklast vidare og styrkast. «Haugtussa-veka» skal utviklast som fyrtårnprosjekt. Biblioteket skal verta meirope. Forfattarar og skribentar i etableringsfasen skal kunne søkja kommunen om tilskot. Og gamle forsamlings- og skulelokale skal vurderast som gjestebustader/arbeidsplassar for forfattarar, kunstnarar mfl.

Time har eit flott bibliotek som vert mykje brukt til litterære arrangement, utlån av bøker m.m., som studiestad og som møtestad i lokalsamfunnet. Det er ønskjeleg å gjera biblioteket meir tilgjengeleg ved innføring av ordninga meirope bibliotek.⁷ Biblioteket er samlokalisert med Garborgsenteret – nasjonal formidlingsarena for Arne og Hulda Garborg. Vidare omfattar det litterære miljøet fleire forfattarar, eit forlag, to bokhandlarar og den årvisse festivalen Garborgdagar i januar. I tillegg kjem 5 organisasjonar som driv med folkeopplysning og debatt, og i den samanhengen ofte formidling av sakprosa eller skjønnlitteratur.



Representantar for det litterære miljøet har i planprosessen etterlyst litteraturdagane «Ord i vinden», som for ein del år sidan var eit samarbeid mellom biblioteket, ein lokal bokhandel mfl. Fleire er også opptatt av at kommunen bør vurdera ulike støtteordningar for unge kunstnarar og forfattarar. I denne samanheng vil det også vera interessant om eit eller fleire gamle forsamlings- eller skulelokale kan nyttast som gjestebustad/arbeidsplass for kunstnarar, forfattarar mfl.

Slik vil me gjera det

- Time bibliotek – gjera biblioteket endå meir tilgjengeleg ved innføring av ordninga meirope bibliotek.
- Garborgdagar – utvikla festivalen vidare ved å søkja om så vel fylkeskommunal som nasjonal støtte. Arven frå «Ord i vinden» vert tatt med i den vidare utviklinga av Garborgdagar.
- «Haugtussa-veka» skal vera eitt av Time kommune sine nasjonale fyrtårnprosjekt, sjå kapittel 10.
- Tilskotsordningar – prioritera støtte til forfattarar og kunstnarar i etableringsfasen.
- Gjestebustader – vurdera bruk av gamle forsamlings- og skulelokale som gjestebustad/arbeidsplass for forfattarar, kunstnarar mfl.

⁷ Meirope bibliotek eller sjølvbetent bibliotek gir lånarane utvida tilgang til biblioteket sine lokale og mediesamlingar før og/eller etter ordinær opningstid.

7. Visuell kunst og film

Fritz Røed skulpturpark, Andreas Bøe-galleriet og kunst i kommunale bygg og uteområde skal i åra framover nyttast meir aktivt i kunstformidlinga og i profileringa av kommunen. Kunstnarar i etableringsfasen skal kunne søkja kommunen om tilskot. Gamle forsamlings- og skulelokale skal vurderast som gjestebustader/arbeidsplassar for kunstnarar, forfattarar mfl. «Kulturstiar i Time» skal utviklast som fyrtårnprosjekt.

Visuell kunst pregar Time. Fritz Røed skulpturpark på Bryne er nyleg oppgradert og er eit smykke langs innfarten til Bryne. I Bryne Mølle forvaltar kommunen Andreas Bøe-samlinga i eige galleri, samt at Bryne kunstforening tilbyr skiftande utstillingar i eigne lokale. Også Fotland mølle har i mange år vorte nytt til kunstutstillingar. Time er heldig som har kunstnarar av nasjonalt og internasjonalt format som bur og arbeider i kommunen.

Time kommune har nyleg vedtatt nye retningslinjer for utsmykking av kommunale bygg og uteområde. I tillegg til nye prosjekt, skal det framover setjast av midlar til vedlikehald samt digital registrering og formidling av eksisterande kunst. Slik skal denne offentlege kunsten gjerast meir tilgjengeleg, og for eksempel kunne nyttast i undervisning.

Kombinasjonen natur og kultur – å kombinera turar med kunst- og kulturopplevelingar – er populært. Med prosjektet «Kulturstiar i Time» vil Time kommune overraska og utfordra publikum med utplasserte kunstverk av høg kvalitet, stor attraksjon og som vekkjer oppsikt og utferdstrong. Dette vil vera eitt av kommunen sine satsingsområde innanfor kulturpolitikken i åra framover, sjå kapittel 10.

Film kan vera både visuell kunst og underhaldning. Begge delar kan ein oppleva på kino. Nye Bryne kino, med fire salar, vil kunne styrka denne delen av det visuelle kunstfeltet. Nye Bryne kino er heile Jæren sin kino, og vil gje publikum eit breiare og meir mangfoldig filmtilbod. På dagtid vil kinosalane kunne nyttast til møte, kurs og konferansar. Med si sentrale plassering på Bryne torg, og med kaféar og restaurantar som naboar, vil kinosenteret vera ein naturleg møtestad i denne delen av Brynebyen.

Representantar for det visuelle kunstfeltet har i planprosessen etterlyst støtteordningar for unge kunstnarar i etableringsfasen. I denne samanheng vil det også vera interessant om eit eller fleire gamle forsamlings- eller skulelokale kan nyttast som gjestebustad/arbeidsplass for kunstnarar, forfattarar mfl. Ny bruk av 4. etasje i Bryne Mølle, gjerne med arbeidsplassar for kunstnarar og lagerfasilitetar for kunstforeininga og Andreas Bøe-galleriet, står høgt på ønskjelista. Og fleire meiner også at så vel Fritz Røed skulpturpark som Andreas Bøe-galleriet bør nyttast meir aktivt i profileringa av kommunen.

Slik vil me gjera det

- Tilskotsordningar – prioritera støtte til kunstnarar, forfattarar og musikarar i etableringsfasen.
- Gjestebustader – vurdera bruk av gamle forsamlings- og skulelokale som gjestebustad/arbeidsplass for kunstnarar og forfattarar mfl.

- Bruk av 4. etasje i Bryne Mølle – utarbeida forprosjekt for framtidig bruk av lokalet til for eksempel arbeidsplassar for kunstnarar, lager o.l.
- Kommunal kunst – setja av midlar til vedlikehald samt digital registrering og formidling.
- Bryne kino – arbeida for at kinoen vert heile Jæren sin kino, eit aktivum for lokalt næringsliv og organisasjonar, samt ein sentral møtestad i Brynebyen.
- «Kulturstiar i Time» skal vera eitt av Time kommune sine kulturelle fyrtårnprosjekt, sjå kapittel 10.



Fritz Røed skulpturpark, Bryne. Opna 2004, pussa opp 2017-2018. Foto: Time kommune

8. Kulturminne

Drifta av museumsanlegga i Time skal fornyast ved samarbeid med frivillige kulturorganisasjonar og Jærmuseet. Time vil leggja betre til rette for deltaking i og oppleving av husflids- og handverkstradisjonar. Organisering av kulturhistoriske vandringar skal gje rike opplevingar av jærsk natur og historie. Gamle forsamlings- og skulelokale skal vurderast med siktet på ny bruk.

Time kommune har nærmere tre hundre registrerte kulturminne eller kulturminneområde og seks museumsanlegg. Ein samla oversikt over kulturminna finst i *Kulturminneplan Time kommune 2008-2019*. Planen går snart ut på dato, og etter kommunen sin planstrategi skal revideringa starta i 2019.

Det var i 2016 registrert 172 medlemmer i historielag tilknytt Landslaget for lokalhistorie. Dette var 10 prosent over landsgjennomsnittet. Talet på medlemmer i husflidlag var 79, noko som var 10 prosent under landsgjennomsnittet. Det samla museumsbesøket var på 0,8 per innbyggjar, 61 prosent under landsgjennomsnittet.

Drifta av museumsanlegga er under omlegging. Time kommune har i dag avtale med Jærmuseet om forvaltning og drift av Garborgheimen og Knudaheio. Drifta av Time bygdemuseum på Undheim, Fotland mølle, Fotland kraftstasjon og Træe husmannsplass og kårstove på Line vil også i åra framover vera tufta på samarbeid med frivillige. Men i tillegg er det ønskjeleg å utvida samarbeidet til eit trekantsamarbeid der Jærmuseet får ansvar for den museumsfaglege forvaltninga av bygg og gjenstandar.

Time kommune ønskjer å etablera eit miljø for oppleving og deltaking i aktivitetar knytt til husflids- og handverkstradisjonar som Jæren er rik på. Miljøet på Fotland, med mølla, torvhuset, kraftstasjonen, fossen og elva, – og med kort veg til Time bygdemuseum – har potensial til å kunne utviklast til eit slikt miljø, med regionalt nedslagsfelt.



Fotland mølle. Foto: Time kommune

Forholda ligg også godt til rette for organiserte kulturhistoriske vandringar, eksempelvis på Fotland, Norheim eller gjennom «Garborgløypa», som Garborgsenteret har lagt til rette.⁸ Vandringane vil kombinera folkehelse, oppleving av jærsk natur og historie og kultur, og truleg ha eit stort publikums-potensial.

Time har fleire eldre forsamlings- og skulelokale. Fleire er i dårlig stand og vert lite brukt. Kommunen må ta stilling til kva for lokale ein vil ta vare på, kva desse skal brukast til og kva det vil krevja av istrandsetjing.

Slik vil me gjera det

- Museumsanlegga – avklara framtidig organisering og drift, samt følgja opp samarbeid med frivillige kulturorganisasjonar og Jærmuseet.
- Satsing på husflid og handverk – søkja samarbeid med organisasjonar innanfor feltet, avklara bruk av aktuelle lokale med grunneigarar, søkja finansiering frå statlege og fylkeskommunale tilskotsordningar samt frå private stiftingar og næringslivet.
- Kulturhistoriske vandringar – søkja samarbeid med Time historielag, Jæren Turlag og andre frivillige kulturorganisasjonar, avklara bruk av aktuelle område og lokale med grunneigarar, søkja finansiering frå statlege og fylkeskommunale tilskotsordningar samt frå private stiftingar og næringslivet.
- Ny bruk av gamle forsamlings- og skulelokale – vurdera verneverdi og mogleg ny bruk, eksempelvis som gjestebustad/arbeidsplass for kunstnarar og forfattarar mfl.



Træe husmannsplass og kårstove. Foto: Time kommune

⁸ <https://www.jaermuseet.no/garborgeimen/garborgloypa/>

9. Kultur- og fritidstilbod for barn og unge samt andre målgrupper

Time kulturskule skal få nye, tilrettelagde lokale, primært som del av Nye Storstova. Kverneland-samfunnet veks og det skal avklarast kva slags kultur- og fritidstilbod kommunen skal leggja til rette for å møta veksten i førekant og på ein offensiv måte. Fritidstilbodet til eldre skal fornyast.

Time kommune tilbyr eit omfattande kultur- og fritidstilbod retta særskilt inn mot barn og unge eller andre bestemte målgrupper: Fritidsklubbar på Bryne, Kverneland og Lyefjell, Time kulturskule, Den kulturelle skulesekken, fritidsaktivitetar for eldre (Sivdammen velferdssenter), Den kulturelle spaserstokken (for eldre), språkkafé for innvandralar og flyktningar, samt ei rekke fritidsaktivitetar for personar med utviklingshemming, nedsett funksjonsevne eller psykisk sjukdom.

Møllekjellaren fritidsklubb på Bryne opna i nye, tilrettelagde lokale i 2016 og har vorte ein populær møtestad for unge frå så vel Time som nabokommunane. Planeten fritidsklubb på Kverneland og Lyefjell fritidsklubb held til i eldre og langt frå så oppdaterte lokale. Dette kombinert med forventa befolkningsvekst på Kverneland, gjer at det er behov for å vurdera fritidsklubben sine lokale, jf. nedanfor.

I 2016 var det 443 barn som hadde plass i kulturskulen. Dette utgjorde ein elevdel på 0,17 per barn i grunnskulealder, noko som var 8 prosent over landsgjennomsnittet. Elevdelen i Time gjekk likevel ned med heile 28 prosent i tidsrommet 2008-2016, mot 10 prosent på landsbasis. Time kulturskule held til i ordinære skulerom i Bryne skule. I *Skulebruksplan 2018-2025* for Time vert det slått fast at kulturskulen treng nye, sentrumsnære lokale, og at framtidig lokalisering skal avklarast i samband med moglegheitsstudien Nye Storstova.

Kvar elev i grunnskulen i Time var i 2016 på 4 førestillingar i regi av Den kulturelle skulesekken. Det var 19 prosent under landsgjennomsnittet.

Time kommune ligg langt nede på Norsk kulturindeks når det gjeld kulturskulen og Den kulturelle skulesekken. I 2016 var kulturskulen på 264. plass, medan Den kulturelle skulesekken hamna heilt nede på 344. plass. Den relativt svake prioriteringa av desse tilboda er med på å dra Time nedover på indeksen, jf. kapittel 2.

Fritidstilbodet til eldre har dei seinare åra vist noko variabel oppslutning, og det er derfor behov for å vurdera ei tilpassing av tilbodet.

Eit godt tilrettelagt kultur- og fritidstilbod er ein føresetnad for gode oppvekstvilkår og levande lokal-samfunn. Prognosene for folketalsutviklinga i Time i *Timeplan 2019-2022* viser forventa kraftig vekst for Kverneland fram mot 2030, samt vekst for Lyefjell og Bryne. For Undheim og Hognestad derimot er det forventa nedgang. Etter denne prognosene vil Kverneland veksa frå om lag 3500 innbyggjarar i 2017 til om lag 5000 i 2030. Veksten vil i betydeleg grad koma ved tilflytting til nye bustadområde og transformasjonsområde. Tar ein med Orstad-området i Klepp, har ein å gjera med ein liten norsk by.

Kvernaland-samfunnet veks og gamle tradisjonar og identitetar vert utfordra av urbaniseringa. I denne situasjonen bør ein vurdera kva slags kultur- og fritidstilbod det bør leggjast til rette for i åra framover. Det kan gjelda fritidsklubb, kulturskule, bibliotek, idrett m.m. Og det bør vurderast om det framtidige tilboden, – eller delar av det – bør utviklast og drivast i samarbeid mellom Time og Klepp.

Slik vil me gjera det

- Kultur- og fritidstilbodet på Kvernaland – avklara kva slags kultur- og fritidstilbod kommunen skal leggja til rette for i tettstadene utanfor kommunesenteret Bryne, avklara mogleg samarbeid med Klepp kommune om interkommunale tiltak, og invitera til utvida samarbeid med frivillige lag og organisjonar.
- Fritidsklubbane – vurdera nye lokale for Planeten fritidsklubb på Kvernaland, jf. førre kulepunkt.
- Kulturskulen – flytta verksemda til nye, sentrumsnære og tilrettelagde lokale, primært som del av Nye Storstova, sjå også kapittel 10.
- Den kulturelle skulesekken – styrka finansieringa ved å setja av eigne kommunale midlar slik at alle elevar i grunnskulen får minst ein lokal produksjon kvart skuleår. Det skal utarbeidast ein eigen strategiplan for Den kulturelle skulesekken i Time.
- Kultur- og fritidstilbod til eldre – vurdera kva slags tilbod kommunen skal tilby i regi av Sivdammen velferdssenter, Den kulturelle spaserstokken eller på andre måtar.



Stemmen skatepark, Kvernaland, oppgradert 2016. F.v. Torgeir Svindland, Roar Kolnes og Magne Horpestad.

Foto: Kristin Frafjord, Jærbladet

10. Tre satsingsområde mot 2027

Nytt kulturhus og nye lokale til kulturskulen, primært som eit felles prosjekt, er det prioriterte investeringsprosjektet i planperioden. Realisering av «Haugtussa-veka» kvart fjerde år samt «Kulturstiar i Time» skal vera Time kommune sine kulturelle fyrtårnprosjekt dei komande åra.

Det er i dei føregåande kapitla trekt opp mange mål og tiltak for utvikling av kulturtilbodet i Time dei komande åra. Det er derfor behov for å spissa satsinga og gjera det tydeleg kva som er dei *viktigaste* satsingane framover. Me har samla desse i tre store prosjekt, som vil fanga opp mange av ønskja innanfor dei ulike kulturfelta, og som vil kunne engasjera og gje utfordringar til mange innanfor det lokale kulturlivet. Prosjekta er ambisiøse og vil bare la seg realisera om mange nok vert inspirerte av kommunen si satsing til å ville vera med i prosjektutviklinga, som samarbeidspartnarar, frivillige og økonomiske bidragsytarar.

Nye Storstova og nye lokale til kulturskulen – prioritert investeringsprosjekt

Time treng eit nytt eller eit fornya kulturhus, tilrettelagt for øving, preproduksjon og framføring av musikk og scenekunst. Nye Storstova skal vera ein samlingsstad for lokale kulturorganisasjonar, kulturskulen og profesjonelle kulturaktørar, og det skal kunne brukast av næringslivet og andre til konferansar, møte m.m.



Foto: Jærbladet

Storstova er over femti år og må i nær framtid enten rehabiliterast eller erstattast. Skal dagens bygg vera stammen i framtidas kulturhus, bør det også byggjast om og ut med ein multisal, og, ideelt, med nye lokale for kulturskulen. Å integrera kulturskulen i Nye Storstova, samt leggja til rette for at lokale lag og organisasjonar kan bruka huset i langt større grad enn i dag, vil vera avgjerande for å sikra huset dagleg aktivitet og puls.

Slik vil me gjera det

- Greia ut konsept for Nye Storstova.
- Planleggja valt konsept grundig.
- Søkja aktivt samarbeid med lokalt kulturliv, næringsliv og nabokommunane.
- Søkja ekstern finansiering frå statlege og fylkeskommunale tilskotsordningar samt frå private stiftingar og næringslivet.

«Haugtussa-veka» – kulturelt fyrtårnprosjekt

Kvart fjerde år skal «Haugtussa-veka» prega kultursatsinga i Time og på Jæren. Dette skal vera eitt av Time kommune sine kulturelle fyrtårn; det skal kasta lys langt utover kommunegrensa og ha eit nasjonalt nedslagsfelt i kultur-Noreg, i media og blant publikum. Slik kan det på sikt også koma til å få stor tyding for lokalt reiseliv og anna næringsliv.

Teaterførestillinga «Haugtussa – ei vandring i Veslemøy sitt rike», utandørs i området ved Knudaheio på Høg-Jæren, skal vera høgdepunktet. Det skal vidare arbeidast fram eit breitt program med utgangspunkt i tema frå «Haugtussa» og Arne og Hulda Garborg sine livsverk. «Haugtussa» handlar eksempelvis om kjærleik, svik, det undermedvitne, driftene og villskapen i menneskesinnet, jærsk natur og folkekultur. Med dette som utgangspunkt vil «Haugtussa-veka» kunne romma opplesingar og bokbad med aktuelle forfattarar, debattar, konsertar, sceneproduksjonar, turar i jærsk natur osb.



Frå «Haugtussa – ei vandring i Veslemøy sitt rike», september 2011. Foto: Elin Wetås de Jara, Time kommune

Målet er å løfta arven etter Arne og Hulda Garborg ytterlegare. Det finst både eit kunstnarisk og næringsmessig potensial. «Haugtussa» er Arne Garborg sitt mest kjende og folkekjære verk, med appell til så vel unge som eldre.

Slik vil me gjera det

- Søkja samarbeid med nasjonale og/eller regionale teaterinstitusjonar, frilansmiljøet i regionen, universitetsmiljøet og frivillige organisasjonar og personar.
- Avklara bruk av området ved Knudaheio med grunneigar.
- Invitera arrangørar og utøvarar (konsertar, førestillingar) til samarbeid.
- Søkja ekstern finansiering frå statlege og fylkeskommunale tilskotsordningar samt frå private stiftingar og næringslivet.
- *I første omgang oppretta eit forprosjekt. Det skal engasjerast ein prosjektleiar for systematisk gjennomgang av moglegheitene og føresetnadene for satsinga, jf. kulepunktata ovanfor.*

Kulturstiar i Time – kulturelt fyrtårnprosjekt

Nordmenn likar kombinasjonen natur og kultur – å kombinera turar med kunst- og kulturopplevelsingar. Med prosjektet «Kulturstiar i Time» vil Time kommune overraska og utfordra publikum med utplasserte kunstverk av høg kvalitet, stor attraksjon og som vekkjer oppsikt og utferdstrong.

Kunstverka kan vera skulpturar, installasjonar eller byggverk (arkitektur) plasserte i jærsk natur, som del av tilrettelagde turstiar. Ein eller fleire av «Ti Turar i Time» kan kanskje utviklast til ein slik kultursti. Eksempel og inspirasjonskjelder er m.a. Bru kultursti og Skulpturlandskap Nordland.⁹



«Mannen fra havet» av Kjell Erik Killi Olsen, Bø i Vesterålen. Del av Skulpturlandskap Nordland.

Foto: www.skulpturlandskap.no

Slik vil me gjera det

- Søkja samarbeid med kunstinstitusjonar og kunstfaglege ressurspersonar.
- Invitera til samarbeid med Den Norske Turistforening/Jæren Turlag og andre friluftsorganisasjonar.

⁹ <https://www.ut.no/tur/2.4007/> og <http://www.skulpturlandskap.no>

- Avklara utplassering med aktuelle grunneigarar.
- Søkja ekstern finansiering frå statlege og fylkeskommunale tilskotsordningar samt frå private stiftingar og næringslivet.
- Inkludera Fritz Røed skulpturpark og Andreas Bøe-galleriet i «Kultursti Bryne».
- *I første omgang oppretta eit forprosjekt. Det skal engasjerast ein prosjektleiar for systematisk gjennomgang av moglegheitene og føresetnadene for satsinga, jf. kulepunktene ovanfor.*



«The Ball», Ilya Kabakov, Kistefoss-Museet. Foto: Kistefoss.museum.no



Time kommune • Postboks 38 • 4349 Bryne • Tlf. 51 77 60 00 • e-post post@time.kommune.no • www.time.kommune.no